

Før oppstartsmøte

Fase 1

- Avklar tidleg i skoleåret kva for fag/trinn/elevar/ lærarar som skal vere med.
- Start planlegginga tidleg – ting tar tid! Senk ambisjonsnivået og utvid heller opplegget etter kvart.
- Vel tema for opplegget. Ta gjerne utgangspunkt i noko som angår elevane i kvardagen deira. Er temaet:
 - sentralt i læreplanen?
 - interessant for elevar og lærarar?
 - aktuelt for partnerar som finst i nær-området? Her kan koordinatoren din bidra.
- Ta kontakt med aktuelle partnerar med spørsmål om samarbeid, eller kontakt koordinatoren din for hjelp.

Oppstartsmøte

Fase 2

- Møt godt forberedt. Kva ønsker skolen å få ut av samarbeidet?
- Ver open. Kva er det dei tilsette på arbeidsplassen gjer ein vanleg arbeidsdag? Bruk dette som utgangspunkt for å diskutere eit oppdrag elevane kan få frå partnaren.
- Kan elevane gjere ein reell jobb for partnaren?
- Diskuter på kva måtar det er hensiktsmessig at partnaren bidrar inn i undervisninga.
- Avklar rolle- og ansvarsfordeling.
- Avtal tidsperiode for gjennomføring.

Etter oppstartsmøte

Fase 3

- Formuler utkast til oppdrag basert på samtalen i oppstartsmøtet og kriteria for eit Lektor2-opppdrag. Kriteria og andre ressursar som kan vere til hjelp finn du på lektor2.no under fana *Lærerressurser-Oppdrag*.
- Send utkastet til partner for godkjenning. Avklar datoar for overlevering av oppdrag, møte med elevane undervegs i gjennomføringa og presentasjon av løysinga på oppdraget.
- Involver andre lærarar: Formidle planar til kollegiet/seksjonen. Synleggjer overføringsverdi til andre fag!
- Planlegg undervisningsopplegget: Sjå *Sjekkliste for planlegging, gjennomføring og evaluering av Lektor2-opplegg*.